



## Digital kartlegging av leseferdigheit

Hei!

Alle barn på skulen har rett til å få den støtta, hjelpa og stimuleringa dei treng for å kunna læra seg å lesa. Nokre barn kan allereie lesa når dei startar i 1. klasse, andre har behov for meir tid før dei knekk lesekode og for somme vert lesinga aldri heilt sjølvsgt.

For å kunna gje den rette støtta og stimuleringa til alle elevane på skulen vår kjem vi til å gjennomføra ei digital kartlegging av leseferdigheiter hos alle elevane våre. Kartlegginga vert gjennomført ved hjelp av ein «eye tracker» som registrerer augerørslene til eleven 90 gonger per sekund. Denne forma for kartlegging vart initiert av eit forskingsprosjekt i Kronoberg i Sverige på 1980-talet og har sidan vorte vidareutvikla ved det Karolinska Institutet, Sveriges største senter for medisinsk utdanning og forskning.

Kartlegginga er både enkel å gjennomføra og morosam for elevane. Den tek berre få minutt å gjennomføra. I første del av kartlegginga skal eleven følgja ein prikk på skjermen med augane sine. Dette vert gjort for å kalibrera skjermen med augerørslene til eleven slik at «eye trackeren» best mogleg kan registrera augerørslene til eleven når hen skal lesa. Vidare følgjer ein kort test der eleven skal oppgi namn på bokstavar som vert vist på skjermen. Deretter skal eleven lesa to korte tekstar og svara på nokre spørsmål om kva tekstane handla om. Så er kartlegginga over.

Analysen av augerørslene vert utført ved hjelp av kunstig intelligens og er heilt objektiv. Resultatet vert presentert i fem ulike ferdigheitsnivå. Ved hjelp av dette kan elevane få undervisning tilpassa lesenivået sitt for å på best moglege måte vidareutvikla leseferdigheitene sine. Alle personopplysningar vert behandla etter GDPR-reglementet som vart innført i Noreg i 2018. På [lexplore.no](https://lexplore.no) kan du lesa meir og sjå film av korleis ei kartlegging vert gjennomført.